



## Fylkesmannen i Vestland

Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Vår dato:  
19.10.2020

Vår ref:  
2020/14456

Dykkar dato:  
23.09.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

### Uttale - Alver - 342/8 - Eikland - etablering av brygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 23.09.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av bryggje. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formål på land, bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø og frå byggjeforbodet i 100-metersbeltet jf. plan- og bygningslova (tbl) § 1-8.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Meland ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der arealpresset er stort. Vi viser til Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) der det mellom anna står:  
*«Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoneforvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandlingen av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress»*

I denne saka er det snakk om ei utviding av ei eksisterande brygge. Den skal plasserast langs svaberg, som har vesentleg landskapsverdi. Ei større brygge vil beslaglegge meir av strandsona og auke privatiseringa av område. Det er uklart for oss kva som gjer at ein meiner ein har behov for ei ilandstigingsbrygge, og kvifor ein ikkje kan nytte den som allereie er der. Det er heller ikkje opplyst om tiltaka i nærliken er lovleg oppførte. Vi minner om at når ein skal vurdere verknaden av tiltaket, skal ein vurdere denne opp mot den lovlege tilstanden i området.



Fylkesmannen er uroa for uheldig presedensverknad ein dispensasjon i denne saka kan få for liknande saker. Vi kan ikkje sjå at det føreligg nokon særlege tilhøve som skil denne saka frå andre.

Fylkesmannen kan såleis i utgangspunktet ikkje sjå at fordelane er større enn ulempene. Vi meiner at ein bit for bit nedbygging av strandsona, utan at det føreligg nokon samfunnsmessige fordelar, er uheldig. Utbygging i strandsona skal i utgangspunktet gjerast i kommuneplanen, der ein kan vurdere samla belastning og gode fellesløysingar. Vi rår difor ifrå dispensasjon i denne saka.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN